



Gabben Bensinstasjon AS
Alverflaten 274
5911 ALVERSUND

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1389 - 16/11276

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

27.04.2016

Avvisning av søknad om løyve til påbygg til næringsbygg - gbnr 137/291 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 218/16

Tiltakshavar: Gabben Bensinstasjon AS
Ansvarleg søkjar: Gabben Bensinstasjon AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak uten ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2 jf § 20-4

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av påbygg til eksisterande næringsbygg på eigedomen, samt heving av takoverbygg over drivstoffpumper. Påbygget har opplyst bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 28,4 m², tiltaket fører ikkje til auke i bygd areal. Utnyttingsgrad er opplyst til 28,32 % BYA.

Det vert elles vist til søknad motteken 20.04.16.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Knarvik – Alversund (KDP) er definert som næringsområde. Det ligg føre krav om reguleringsplan i nemnde kommunedelplan § 2.3.19.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå plankrav i KDP. Det er ikkje søkt om dispensasjon. Søknad om dispensasjon skal nabovarslast.

Plassering

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 17.03.16. På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense ikkje påført. Avstand til offentlig veg er ikkje opplyst.

Vatn og avløp (VA)

Tiltaket fører ikkje til endra/auka bruk.

Tilkomst, avkøyrsløp og parkering

Tiltaket fører ikkje til endra/auka bruk.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser bygningsplassering.

Teikningar

Det er ikkje levert inn dokumentasjon som syner eksisterande fasadar på bygningsmassen på eigedom gbnr. 137/291.

VURDERING:

Det er søkt om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 20-4 bokstav a (tidlegare pbl § 20-2 bokstav a). Det omsøkte tiltaket vert å rekne som påbygg til næringsbygg og krev søknad etter plan- og bygningslova § 20-2 bokstav a) jf. § 20-3, og krev bruk av ansvarleg føretak.

Tiltaket krev søknad om dispensasjon frå krav om reguleringsplan i kommunedelplanen for Knarvik – Alversund § 2.3.19. Søknad om dispensasjon krev ny nabovarsling.

Kommunen si samordningsplikt

Tiltaket krev Arbeidstilsynet si godkjenning jf. pbl § 21-5 jf. byggesaksforskrifta § 6-2 bokstav c. Tiltaket krev Statens vegvesen si godkjenning jf. pbl § 21-5 jf. byggesaksforskrifta § 6-2 bokstav d.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Administrasjonen vil tilrå at det ved evt. ny søknad vert gjort forsøk på å tilpasse eit eventuelt påbygg til eksisterande bygningsmasse. Omsøkt tiltak framstår ikkje som godt tilpassa eksisterande bygningsmasse på eigedomen. Etter administrasjonen sitt skjønn tek ikkje tiltaket omsyn til bygde omgjevnadar og vil so leis vere i strid med pbl. § 29-2.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

VEDTAK:

Søknad om løyve til oppføring av påbygg samt heving av takoverbygg over drivstoffpumper på eigedom gbnr 137/291 vert avvist.

Avvisningsgrunnlag:

1. Det er søkt om løyve til tiltak utan ansvarsrett. Tiltaket krev søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 jf. §§ 20-2 bokstav a) og 20-3.
2. Det er ikkje søkt om dispensasjon frå plankravet i kommunedelplanen for Knarvik-Alversund § 2.3.19, søknaden kan ikkje handsamast før det ligg føre dispensasjon jf. plan- og bygningslova § 20-2, 1.ledd 2.punktum, jf byggesaksforskrifta § 5-4 bokstav k.
3. Situasjonsplan er ikkje påført minste avstand til nabogrense og vegmidte jf. byggesaksforskrifta § 5-4 bokstav i.
4. Eksisterande bygningsmasse (fasadar og planteikning) er ikkje dokumentert jf. byggesaksforskrifta § 5-4 bokstav m.
5. Dispensasjonsøknad er ikkje nabovarsla. Tiltaket må varslast på nytt jf. plan- og bygningslova § 21-3, jf. byggesaksforskrifta § 5-4 bokstav n.
6. Tiltaket krev at det vert innhenta løyve frå Arbeidstilsynet jf. plan- og bygningslova § 21-5 jf. byggesaksforskrifta §§ 6-2 bokstav c og 5-4 bokstav o.

Tiltaket krev godkjenning frå Statens vegvesen jf. plan- og bygningslova § 21-5 jf. byggesaksforskrifta §§ 6-2 bokstav d og 5-4 bokstav o.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/1389

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Majo Eigedom AS

Lindåsvegen 154 5914

ISDALSTØ

Mottakarar:

Gabben Bensinstasjon AS

Alverflaten 274 5911

ALVERSUND